



DEN NORSKE KYRKJA

Fjaler sokn

Dalstunet, Dalsvegen 105A 6963

Dale i Sunnfjord

Årsrapport 2024

Fjaler sokn



Mål for kyrkja i Fjaler:

At Kristus skal bli kjend, trudd, elska og etterfølgd.

Møte menneska der dei lever; i glede og i sorg.



Framsdebilete: Kantor Mark Taylor og solist Anne Marte Ospedal Haugen, frå 17.mai-gudstenesta i Dale kyrkje. Foto Atle Ness.

ÅRSRAPPORTEN 2024

Årsrapporten speglar det meste av aktiviteten til den lokale kyrkja i Fjaler. Kyrkjeverje er «redaktør» saman med kyrkjeseekretæren, men både sokneprest og kantor har skrive om sine ansvarsområde.

Årsrapporten vil vere tilgjengeleg på Fjaler sokn si heimeside: www.fjaler.kyrkja.no, og blir lagt ut i kyrkjene/kapella og kan hentast på kyrkjekontoret.

Gudstenester, der mellom anna kor og barn som deltek i trusopplæringstiltak er involvert, har vore og er framleis Fjaler sokneråd sitt hovudsatsingsområde.

Vi har arbeidd særleg med tre viktige saker dette året:

- **Sette i gang prosjekt rehabilitering av kyrkjetak på Guddal kyrkje.**
- **Sette i gang prosjekt innbygging og tilpassing av handikaptoalett i Dale kyrkje.**
- **Oppgradere Ljosheim forsamlingshus med nytt audiovisuelt utstyr.**

Rehabilitering av kyrkjetak på Guddal kyrkje

Det har i lengre tid vore utfordring med kyrkjetaket på Guddal kyrkje. Fester til skiferhellene har gradvis forvittra, og nokre har falle ned frå taket. Det er registrert noko skade i treverket innanfor skiferhellene, og skiferhellene har og vist slitasje over tid. Taket over våpenhuset (inngangspartiet) og prestesakristiet (bak alteret) vart skifta ut og taket forsterka på starten av 1990-talet. Medan hovudtaket over skipet og koret ikkje har vore rehabilitert sidan ombygging og utviding av kyrkja i 1870. Taket på kyrkjetårnet har og behov for rehabilitering, men er ikkje med i dette prosjektet. Det vart i år utarbeidd grunnlag for innhenting av tilbod på total entreprise. I samarbeid med konsultentselskapet SWECO Førde er det gjort aksept av tilbod med tømrarfirmaet Aase & Hegrenes, Sunnfjord. Rehabilitering av taket er prissett til kr 1,06 million. Endeleg kontrakt blir skrive tidleg i 2025, når tilleggsspørsmål om skifte av takrenner er avklart med Riksantikvaren. Riksantikvaren og Biskopen i Bjørgvin har elles godkjent prosjektet slik Fjaler sokn har søkt om.

Handikap-toalett i Dale kyrkje

Det vart hausten i år gjort avtale med ARKI Arkitekter i Førde for forprosjektering av tilpassing av handikaptoalett i Dale kyrkje. Her er det ein del konstruksjonsmessige avklaringar som må gjerast i løpet av våren 2025 før søknad om løysing blir sendt Riksantikvaren Biskopen i Bjørgvin for godkjenning.

Rammeløyve for forprosjektet er kr 300-000,-. Som del av forprosjektet vil det i 2025 bli arbeidd med prosjektkostnad for hovudprosjektet for søknad om ny rammebevilgning frå Fjaler kommune.

Audiovisuelt utstyr på Ljosheim forsamlingshus.

Det er i 2025 gjort oppgradering av audiovisuelt utstyr på Ljosheim forsamlingshus med nytt lydutstyr og prosjektor i storsal. Storsalen er nok klargjort til bruk for mindre konferansar, seminar og undervisning. I Småsalen er det montert ein 75" tv-skjerm med konferansekamera for digitale møter, og møter med inntil 10 personar. I matsalen er det montert to 85" tv-skjermar som saman med nytt lydutstyr gjer bruken av dette lokalet meir fleksibelt for ulike arrangement. Det er trådløs mikrofon og trådløs mygg i begge etasjer



Biletet: I Storsalen på Ljosheim kan ein halde ulike med prosjektor og skjerm rett på vegg. I småsalen kan ein halde mindre møter med to-vegs konferansekamera.. Foto: Jostein Bildøy

FJALER SOKNERÅD

2023-2027, har 6 faste, leke medlemmer.

Faste medlemmar:

Trude G. Høgseth Felde, leiar
Terje Roald Halsnes, nestleiar
Hugo Fretland
Sissel Irene Bringeland
Ole Jakob Nedrebø
Geir Magne Kleppe
Hjørdis Åsnes, kommunal representant
Knut Arne Kummeneje, sokneprest

Varamedlemmer:

1. Solveig Nitter
2. Elisabeth Hove Bråtane
3. Kari Heier Nistad
4. Lene Therese Solheim Valvik.
Marthe Eimind, vara for kommunal representant

Kyrkjeverja møter som sakshandsamar og sekretær for Fjaler sokneråd

Soknerådsmøte, -saker, representasjon, samlingar, soknemøte mm.

Fjaler sokneråd har hatt 6 møte og handsama 64 saker.

Budsjett, økonomiplan, rekneskap, årsrapport, gudstenesteplan og offertildeling er årlege saker. Saker som gjeld kyrkjer og gravplassar vert nemnt under dei kapitla.

Det vart ikkje kalla inn til soknemøte i 2024.

TILSETTE OG ANDRE

Kyrkjevevjerje, Kristin Kalstad, 100%, i svangerskapspermisjon m.m. frå 1.mars til 4.februar 2025

Kyrkjevevjerje vikar, Jostein Bildøy, 100%, frå 1.februar.

Kyrkjeseekretær: 40% stilling. Hildegunn Hellest. Hildegunn er og kyrkjeseekretær i Askvoll sokn.

Kantor: 100% stilling. Mark Taylor.

Prestetenesta

Sokneprest: Knut Arne Kummeneje i 100% stilling.

Kyrkjjetenarar i Dale kyrkje.

Oddbjørn Bjordal. Med ansvar for arrangement knytt til helg.

Atle Lyngstad Ness, til 1.september.

Nadiia Vysochanska, 30% frå 1.september. Med ansvar som kyrkjjetenar kvardagar i Dale kyrkje, og reinhald på Ljosheim og kyrkjekontoret.

Kyrkjjetenar i Guddal kyrkje

Anne Britt Mo

Nadiia Vysochanska har fungert som vikar ved behov i gravferd og gudsteneste.

Kyrkjjetenar Hellevik- og Folkestad bedehuskapell

Ved Folkestad bedehuskapell har Våge krins bedehusforeining ved leiar Randi Fretland teke på seg kyrkjjetenaransvaret på dugnad. Foreininga mottek tilskot for arbeidet.

Nadiia Vysochanska har fungert som kyrkjjetenar ved gravferd i Hellevik bedehuskapell.

Alle gravplassar:

Alværvik Gråsteinsmur A/S er ansvarleg firma for utføring av oppgåver knytt til gravferder og tilsåing av graver. Større arbeid utover vanleg vedlikehald blir og utført av desse, på alle gravplassane.

Dale gravplass

Det er inngått samarbeidsavtale med Dale Dekk & Service v/Frode Hellebust om stell og vedlikehald av Dale gravplass. Arbeidet omfattar mellom anna plen- og plantestell, kantklipp, brøyting og strøing gjennom vinteren.

Guddal gravplass

Gravplassen i Guddal vart slått av Tarjei Guddal.

Gravplassane i Hellevik og Folkestad

Til vedlikehald på dei to gravplassane i ytre Fjaler, Hellevik og Folkestad, har soknerådet avtale med Jostein A. Folkestad. Han er sjølvstendig næringsdrivande.

LIVSRITER

	2020	2021	2022	2023	2024
Dåp	14	23	28	14	29
Konfirmasjon	33	27	21	27	22
Vigsel	1	4	3	4	7
Gravferd / Bisetjing	17	35	28	29	18

Aktivitet i dei ulike kyrkjene – kapella. Tala i parentes er frå 2023

Dåp:

Vi har ei fast spalte om dåp i kyrkjebladet og på heimesida.

Det var 25 (11) i Dale kyrkje, 2 (2) i Guddal kyrkje, 0 (0) i Hellevik kapell, 2 (1) i Folkestad kapell og 0 (0) ved Korssundkrossen.

Konfirmant:

22 (27) vart konfirmerte i Dale kyrkje, 1 (1) i Guddal kyrkje og 4 (3) i Folkestad kapell.

Vigsel:



Det var 3 (3) i Dale kyrkje, 1 (1) i Guddal kyrkje og 3 (1) i friluft.

Gravferd/bisetjingar:

Fordelinga var 13 (15) i Dale, 1 (3) i Guddal, 1 (3) i Hellevik og 3 (5) i Folkestad.

(Også 3 stk med seremoni på sjukeheimen.)

"SAMAN I TRUA, SAMAN I KYRKJA" Trusopplæringa i 2024



Dåpsfase med dåpshelsing og babysong

I dåpssamtalen får kyrkja eit første møte med familiane. Til eitt-, to- og treårsdagen for dåpen, sender kyrkja ei helsing til familiane med informasjon om dei kristne høgtidene; jul, påske og pinse – med fokus på ei høgtid per brev.

Babysong. Kyrkja hadde åleine ansvaret for babysong i 2024. Kantor i Askvoll har hatt ansvaret for dette tiltaket. Tidlegare har det vore i samarbeid med kommunen og kulturskulen. Til saman var det 20 born innom, 15 mellom 0 og 1 år, og 5 som var over 1 år. For den yngste gruppa var det ein deltakingsprosent på 62, og for den eldste 50%.

Småbornssong. Hausten 2024 ble det arrangert småbornssong på Ljosheim der kantor i Askvoll har hatt leiinga. Det var fire samlingar for born 1-3 år, og 16 born deltok.

To-, fire-, og seksårssamlingar

I samband med desse tiltaka får borna delt ut bøker i same bokserie. To-åringane hadde ei laurdagssamling i januar. 9 toåringar deltok, 38% av årskullet på 24. 56% i 2023.

Fireåringane hadde ei samling ein laurdag før utdelingsgudsteneste i november. 13 av 15 fireåringar deltok, ein deltakingsprosent på 68 i 2024 mot 47% i 2023.

Seksåringane som har sitt opplegg i september og 12 av 17 deltok der deltakingsprosenten 71 mot 82 % i 2023.

Påskevandring, gudstenesteagentar og Den store forteljinga (minikonfirmantar)

Dette er tiltak for dei som går i 3.-, 4.-, og 5. klasse, der påskevandring er for den yngste gruppa, gudstenesteagentar for dei i midten, og Den store forteljinga for dei eldste. Desse tiltaka går kvart år for dei som soknar til Dale kyrkje, men for Guddal og ytre Fjaler slår vi saman tiltaka for 3.-5. årsteg slik at dei får eitt slikt tiltak i året.

Påskevandring ble gjennomført for heile Fjaler, og oppslutnaden var på 52%. Samlinga med Gudstenesteagentane hadde ein oppslutnar på 77%.

Den store forteljinga blei arrangert i januar-februar og hadde ei oppslutnad i 2024 på 55%.

Kirkerottene

Kirkerottene hadde framsyning i Dale kyrkje for born i barnehagane. Kirkerottene er eit teater frå Gjøvik med teater for born.

I planen har vi Kirkerottene som eit tiltak for 5-åringar, og oppslutnaden denne gongen var 53%, men berre femåringar frå Dale tok del.

Middag og misjon

Her inviterer vi 8.- klassingar til eit opplegg om misjon i samarbeid med Det Norske Misjonsselskap, NMS. Det er fokus på kyrkjelydens misjonsprosjekt som er NMS sitt arbeid i Midtausten. Tiltaket blei ikkje gjennomført i 2024.

Konfirmasjon

Det var mange som slutta seg til kyrkjeleg konfirmasjon i Fjaler. Forutan deltaking i gudstenester og vanlege samvær, er konfirmantane med på ulike aktivitetar, mellom anna konfirmantfestival på Sande, samt at dei deltek på Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon før påske. Det blei gjennomført ein dør-til-dør-aksjon til Kirkens Nødhjelp. Deltakingsprosenten for konfirmasjon var i 2024 96 mot 93% i 2023.

Tiltak etter konfirmantalder

Solidaritetskonsert

Solidaritetskonserten markerer avslutninga på innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Denne konserten er eit samarbeid mellom Kyrkja og Kulturskulen. Nokre gongar er elevar frå United World College med. Blant deltakarane her er også ungdom over konfirmantalder. I 2024 blei denne konserten arrangert 19. mars.

Kyrkje-skule/barnehage-samarbeid

I 2024 gjekk alle skule- og barnehagegudstenestene som planlagt.

Det blei elles arrangert eit 4-timars bibelkurs for femte årsteg på skulen i KRLE-faget.

Dette kurset heiter «Vandring gjennom Bibelen», og blei gjennomført i januar-februar på Dingemoen skule (5.kl.), Flekke skule (3.-5.kl.) og Våge skule (3.-5.kl.).

INSTITUSJON og DIAKONI

Institusjon

Det er andakt på Fjaler sjukeheim annankvar tysdag kl. 17, dei fleste med sokneprest og kantor. Prest har òg vore på besøk til dei som har ønskt det. Det blei arrangert julemesse på sjukeheimane første søndag i advent med andakt av soknepresten.

Diakoni

Det meste av den kyrkjelege aktiviteten har eit diakonalt preg. Diakoni er «evangeliet i handling, uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.»

Av konkrete årlege tiltak er Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjonen. Til jul deler vi ut blomar til pårørande, busett i kommunen, som har mista eit nært familiemedlem i løpet av året. Dette blei gjennomført som planlagt i 2024.

Gudstenesteliv

Gudsteneste-deltaking står sentralt både i korarbeid, musikkarbeid og trusopplæring. Til julaften, lysmesse, konfirmasjon og helgemesse er oppmøtet stort, i tillegg til einskilde gudstenester i trusopplæringa. Ved andre gudstenester kan frammøtet variere. Vi er glade for at så mange er positive til kyrkja og kjem når dei blir invitert. I trusopplæringa møter som oftast familiane opp når barnet deira skal vere med. Det same skjer når kora deltek. Sånn sett er dette arbeidet veldig viktig, og bidreg svært mykje til den auka oppslutninga.

	<u>2022</u>	<u>2023</u>	<u>2024</u>
Gudstenester – totalt i Fjaler, inkludert barnehage- og skulegudstenester	63	67	66

Krossvandring og Lysvandring

I tida før og etter påske har vi to ulike vandringar rundt Dale kyrkje. Kvar av vandringane har 14 stasjonar, kvar med plansjar med bilde og bibeltekst. Den første vandringa er krossvandring som handlar om kva som skjedde i den stille veka i tida frå palmesøndag til påskedag. Den andre vandringa er lysvandring som handlar tida etter Jesu oppstode. Mange set pris på å kunne gå rundt kyrkja, sjå bilete og lese om dette. Denne vandringa blei ikkje gjennomført i 2024.



MISJONSAVTALE NMS

Fjaler sokn har ein misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) og støttar arbeidet deira i Midtausten. Gjennom året blir det gitt takkoffer til misjonsprosjektet i gudstenester.

NMS sender ut brev til kyrkjelydane fleire gongar i året, og desse kan du lese i kyrkjebladet. Vil du vite meir om arbeidet, kan du besøke nettsida www.nms.no

GRØN KYRKJE

Grønn kirke (tidlegare "grøn kyrkjelyd") har fram til slutten av 2024 budd på Miljøfyrtårn-sidene, men registreringa hos Miljøfyrtårn avslutta den 01.01.25.

Fjaler sokneråd var difor framleis sertifisert som grøn kyrkjelyd hos Miljøfyrtårn i 2024. I møtet 29.02.2024 vedtok soknerådet ein revidert handlingsplan med tiltak innan: Forankring i kyrkjelyden. Gudstenesteliv. Diakoni, undervisning og misjon. Informasjon og samarbeid. Innkjøp, forbruk og avfall. Energi, transport og reise, samt egne tiltak.

Det er viktig at vi alle har fokus på tiltaka vi har forplikta oss på.

KOR OG KORARBEID v/ kantor Mark Taylor

Kantor Mark Taylor er musikalsk leiar for kora. Cantus og Dale barnekor/Ungdomskoret har sine egne styre, mens Guddalskoret er fullstendig drifta av Fjaler sokn. Dei ulike kora har sine egne årsmeldingar som gir utfyllande opplysningar om aktiviteten. Sjå heimesida www.fjaler.kyrkja.no

Dale barnekor

Dale barnekor hadde 32 medlemmer i alder 8 til 12 år i 2024, 26 i vårsemesteret og 23 i haustsemesteret. 8 av desse var gitar. Med alle framføringane og øvingane var barnekoret samla 48 gonger i 2024. I gjennomsnitt var det 18 born på samlingane. Koret hadde 35 øvingar på Dingemoen skule, song på 8 gudstenester pluss 2 skulegudstenester i Dale kyrkje, heldt 2 konsertar på sjukeheimen (vår og jul).

Ungdomskoret

Hausten 2024 gjekk 7 jenter i 7. klasse frå barnekoret til Ungdomskoret som var organisert ut 2024 som ei avdeling av Dale barnekor. Ungdomskoret hadde 14 øvingar på Dingemoen skule, song på 3 gudstenester, samt med to innslag på julekonserten i Dale kyrkje.

Guddalskoret

Koret hadde 9 vaksne kvinnelege songarar i 2024. Det var 18 øvingar i Guddal kyrkje og koret deltok på alle 12 gudstenestene i Guddal og er avgjerande for gudstenesteoppmøte og deltaking. Koret er sosialt og ein av dei få fritidsaktivitetane som er igjen i Guddal. Koret medverkar til rikare gudstenesteopplevingar og fellesskap – og dermed også eit godt diakonalt tiltak. Eit høgdepunkt var ein kombinert julekonsert og 30-årsjubileumsorgelkonsert med Mark og korsong.

Blandakoret for vaksne, **Cantus** hadde 21 medlemmer i 2024. Koret deltok på 6 gudstenester i Dale kyrkje, samt julekonserten og 3 konsertar på sjukeheimen, vår, haust og jul. Cantus song også i bisetjinga til Svein Løseth, på solidaritetskonserten og og i eit felleskor i ein salmekonsert med Førde trekkspelklubb og Førde kyrkjekor. Cantus medverka også på 30-årsjubileumskonserten for kantor Mark Taylor og heldt sin eigen vårkonsert i Dale kyrkje.



Gudstenester

Vi er glad for at fleire utanom kora stiller med innslag på gudstenester. Dale Musikkorps stiller på høgtidsgudstenesta 1. juledag i Dale kyrkje. Songsolistar som Anne Marte Ospedal Haugen og Ragnhild Høgseth Felde har deltatt med song i Dale. I Folkestad har ei vaksensonggruppe og Søstrene Våge sunge. Vi takkar alle.

Samarbeid med lokale musikk-krefter

Solidaritetskonserten med kulturskulen og UWC, 30-årsjubileumskonserten med korps, spelemannslaget og Dekor, samt Julekonserten i Dale kyrkje var dei store samarbeidsprosjekta med lokale aktørar.

Konsertar i Fjaler

Dale kyrkje

Søndag 3. mars: Salmekonsert med Førde kyrkjekor, Førde trekkspelklubb og Cantus. 113 til stades.

Tysdag 19. mars: Solidaritetskonsert med Kulturskulen, UWC og Cantus. 63 til stades.

Søndag 26. mai: Vårkonsert med Cantus. 73 til stades.

Søndag 11. august hadde Eva Weel Skram Duo avslutningskonsert i Fest i Fjaler-helga. 231 til stades. Soknerådsmedlemer stilte som medhjelparar og vakter i kyrkja.

Søndag 29. september: Mark Taylor feira 30-årsjubileum som kantor i Fjaler med ein orgelkonsert. Fellesnummer med Cantus, Dale Musikkorps, Dalsfjorden Spelemannslag og Dekor. 185 til stades.

Måndag 2. desember: Julekonsert med "Julesong": Einar Bolstad, Kari Malmanger og Gunn Kvaale. 190 til stades.

Søndag 8. desember: Julekonserten "Ave Maria" med Førde kammerkor. 81 til stades.

Tysdag 17. desember: «Den tradisjonelle julekonserten». Konserten samla 456, inkludert medverkande.

Guddal kyrkje

Søndag 15. desember: Julekonsert og 30-årsjubileumskonsert med Mark Taylor (orgel), allsong og korsong v/ Guddalskoret. 34 til stades.

Folkestad kapell

Mark Taylor spela ein kort orgelkonsert før høgtidsgudstenesta påskedag (32 til stades).

KOMMUNIKASJON UT

Kyrkjeblad for Fjaler kjem ut 3 gongar i året. I tillegg til staben på kyrkjekontoret, har Atle Lyngstad Ness hjelpt oss med stoff til bladet. Redaktørar er soknepresten og kyrkjeseekretæren. Vi er takksame for alle som finn kyrkjebladet interessant og betaler bladpengar som gjer det mogleg for oss å gje det ut.

Fjaler sokn har heimeside/nettside www.kyrkja.no/fjaler og er på Facebook.

Kunngjering elles skjer gjennom «Det skjer» delvis tilbake i avisa, der vi legg inn arrangementa sjølve på eit skjema.

Kyrkjeseekretær Hildegunn Hellestet har hovudansvaret for å få sendt kyrkjebladstoff til trykkeriet, og informasjonen ut på sosiale medium.

Kyrkjekontoret i Dalehuset i Dalstunet. Vi trivst i kontorlokala sentralt i Dale, nær kyrkja. Fleire og fleire nyttar nettet ved kontakt, slik at både telefonoppringingar og besøk på kontoret har gått ned år for år.

KYRKJER

Dale kyrkje

Batteripakken til naudlysa i trappenedgangane, lys under galleriet og våpenhuset, svikta på slutten av året 2023. Denne vart bytta i haust.

Det er satt ned ei prosjektgruppe med kyrkjevevja, nestleiar i soknerådet og ARKI arkitektar AS som arbeider fram alternative løysingar for innpassing av handikaptalett i kyrkja.

Guddal kyrkje

Takheller dett ned av og til, slik óg dette året. Ein gong måtte vi få på plass ein lift og få festa opp igjen heller. Spikrane som held hellene er rusta og difor dett dei ned. Arbeidet med prosjektet for skifte av tak har starta. Firmaet SWECO AS er engasjert for prosjektering og kontakt med Riksantikvaren, og har henta inn tilbod frå entreprenørar. Riksantikvaren har vurdert skifertypen på taket, og konkludert med at det er best å nytte altaskifer framover. Tanken er å utføre arbeidet i 2025.

Hellevik- og Folkestad bedehuskapell er to kapell eigd av ulike organisasjonar, der soknet er leigetakar.

GRAVPLASSAR (kyrkjegardar), gravplassdrift

Dei fire gravplassane; Dale, Guddal, Hellevik og Folkestad, hadde alle vanleg vedlikehald. Vi får jamt over gode tilbakemeldingar på vedlikehaldet.

På alle gravplassar er det montert raud «postkasse» for levering av elektrisk avfall frå gravstadane. Desse er tatt i bruk på alle gravplassane.

Gravminne.

Sidan 1998 har vi formidla tenesta med innhogging av nye namn og



oppussing av gravminne, der soknet får ein liten provisjon som takk for formidlinga. Det er kjærkomne inntekter.

Ny Dale gravplass

Fjaler kommune inviterte i 2024 Fjaler sokneråd til dialog og drøftingar om grunnlagsarbeid for ny gravplass som i samfunnsdel og kommunedelplan for Dale sentrum 2026-2038. Kyrkjevevja har vore i to møter med kommunedirektør og teknisk sjef om samhandling av prosessane framover for dette.

Dale gravplass

Det er inngått avtale med Dale Dekk & Service om utføring av stell og vedlikehald på Dale gravplass som inkluderer plenklipping og hekkklipp på sommaren, og strøing og brøyting på vinteren.

På reiskapshuset er det montert 3 nye utelampar som lyser godt opp arbeidsområdet utanfor reiskapshuset og tunet mellom reiskapshuset og Ljosheim. Ein krypslyngplante som var vakse seg utover kyrkjegardsmuren mot Ljosheim vart fjerna, då røtene skapte rørsle i steinmuren.

Folkestad gravplass

Det er montert separat strømmålar for denne gravplassen, som følgjer eigarskapet til Fjaler sokn. Det er oppdaga ny parkslirekne på høgre side ved innkøyringa til parkeringsplassen. Det er gjort avtale med lokal aktør om oppfølging og jamn sprøyting av denne. Jordhaugen som ligg til bruk i same område for fyllmasse til gravstadane blir tatt ut av bruk der han ligg, og nytt areal for jordhaug blir vurdert våren 2025.

Hellevik gravplass

Det er gjort ordinært stell og vedlikehald gjennom sommarhalvåret. Vasskranen ut frå vegg på reiskapshuset fekk enkelt tilsyn.

LJOSHEIM – FORSAMLINGSHUSET I DALE

Ljosheimbasaren var 10. februar. Basaren gav det flotte resultatet på kr 55-000,-. Det var stort engasjement og god deltaking også under årets basar. Fjaler sokneråd er takksam for den store innsatsen mange legg ned for Ljosheim. Det blir Ljosheimbasar framover også, men då med mindre handarbeid.



Minnegåve ved Hilda Haugen sin bortgang.

Hilda Haugen, mangeårig trufast medarbeidar for å gjere Ljosheim til ein triveleg stad å vere, gjekk bort hausten 2024. Ved hennar bære vart det til Ljosheim tildelt minnegåver på kr 5500,-. Desse gåvene er satt på Ljosheim sitt kapitalfond, og vi er takksam for denne gåva, og alle år med krefter og hjartelag som Hilda Haugen viste både Ljosheim og fellesskapet som er knytt til Ljosheim.

Bruk

Soknet bruker Ljosheim til eigne aktivitetar. Cantus har korøvingane sine fast onsdagskveldane. Der har vore babysong, småbarnsong og bønnemøte, soknerådsmøte og nokre samlingar i samband med kyrkjevalet.

Eritreiske flyktningar har hatt sporadiske møte i småsalen. Storsalen har vore litt utleigd til yoga, konfirmasjon og dåpsfestar.

Matsalen har vore brukt til servering av mat til konfirmanter som har samlingane sine i kyrkja. Matsalen har vore eller vore utleigd til ein del minnestunder gjennom året.

Ljosheim har fått nytt lydanlegg, tv-skjermar og prosjektor montert, slik at alle tre møterom no framstår klar til møter som treng både godt lydanlegg og gode skjermar for presentasjonar.

Det er ikkje gjort anna vedlikehald på bygget dette året. Og framover er det nytt belegg i gangane i kjellaren som må gjerast.. På kjøkkenet trengst det og fornying og supplering av diverse utstyr.

Vaskemaskina i småsalen må og vurderast bytte til ei steammaskin.

Vi ønskjer meir utleige og håpar at fornyinga som no vert gjort vil vere tiltalande.

ULØYSTE PROSJEKT PÅ KYRKJER OG GRAVPLASSAR

Prosjekt som det må jobbast vidare med å få gjennomført:

Dale kyrkje

- Vindaug – omkitting, byte ut knuste ruter og måling
- Nye brudestolar må på plass fordi dei knallraude som er i kyrkja, passar verken i form eller farge
- Sikkerheitsgitter på røyromnane under benkane – gitter er motteke frå Førde kyrkje, for tilpassing til Dale kyrkje. Inntil vidare er dei lagra i reiskapshuset ved Dale gravplass.
- Slipe og lakke golvet i kyrkjeskipet
- Planleggje påbygg på inngangspartiet, eventuelt ombygging inne. Livslaupsstandard på toalett, dåpsventerom og lagerplass.

Guddal kyrkje

- Automatisk ringeanlegg
- Lakke golvet
- Vindaug – omkitting, byte ut knuste ruter og måling – løyving for tiltak gitt for 2025.
- Skiferen på kyrkjetaket er av dårleg kvalitet. Dessutan rustar spikrane, slik at heller dett ned og vert knuste. Prosjektet er påbyrja.

Dale gravplass

- Utvide med ny gravplass
- Omregulere gravplassen slik at drifta vert lovleg med graving etter «rutenett». Teikne nytt kart over gravplassen der graver som er yngre enn 25 år er nøyaktig plasserte

Guddal gravplass

- Teikne nytt gravkart i samsvar med nye krav.

Hellevik gravplass:

- Planting

Folkestad gravplass:

- Plante ved det nye gravfeltet m.m.
- Vedlikehald av steinmuren rundt delar av gravplassen

FJALER SOKN SIN REKNESKAP 2024

Rekneskapen til Fjaler sokn vert førd av Fjaler kommune og revidert av kommunerevisoren, Vestland revisjon, Kommunalt Oppgåvefellesskap

Fjaler sokneråd er takksame for godt samarbeid, og for driftstilskot frå kommunen.

Fjaler sokn sin rekneskap har fire tenesteområde: 1. Kyrkjeleg administrasjon, 2. Kyrkjer, 3. Gravplassar og 4. Anna kyrkjeleg verksemd.

Aktivitet under dei tre første tenestene har kommunen finansieringsansvar for.

Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i «Lov om tros- og livssynssamfunn» (trossamfunnsloven) Kap 3 § 14. *Finansiering av Den norske kirke* og «Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd» (gravplassloven) § 3 *Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar*, 2-3 ledd.

Her i årsrapporten vert det berre ei kort oppsummering av rekneskapen for 2023.

Resultat

Rekneskapen under dei tre første tenestene (1, 2 og 3), der kommunen har finansieringsansvar, har eit mindreforbruk på kr 293.844,69.

Mva- refusjon

Den samla mva-refusjonen i rekneskapen er kr 259.688,00

Sum driftsinntekter, inkludert inntekter under tenesta (4) 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 5.747.089,03

Driftstilskotet frå Fjaler kommune er kr 3.715.000,00. Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter kr 428.737,00. Refusjonar/overføringar kr 1.005.515,00. Tilskot frå Rettssubjektet Den norske kyrkja kr 234.042,00. Andre tilskot, gåver og innsamla midlar kr 308.795,00.

Sum driftsutgifter, inkludert utgifter under tenestene under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 5.766.021,84. Lønn og sosiale utgifter utgjer kr 3.376.786,98. Kjøp av varer og tenester kr 1.857.113,75. Refusjonar/overføringar kr 298.437,53. Tilskot og gåver kr 178.663,68.

Kommunal tenesteyting er tenester til rekneskapsføring, lønsutbetaling og revisjon.

Verdien av kommunal tenesteyting er sett til 55.000 kr, og er ført både som inntekt og utgift. Kommunen er beden om å auke dette beløpet som er alt for lågt og ikkje har vore regulert.

Rekneskapsskjema – Investering. Investeringsrekneskapen går i null. Kjøp av aksjar og andelar, KLP: kr 9.726,00

Det vart ikkje utført investeringar på kyrkjene og gravplassane i dette året.

Tenestene under 044 Anna kyrkjeleg verksemd

Kyrkjelydsarbeid, Dåpsopplæring (Trusopplæring med tilskot), Diakoni, Kyrkjemusikk, Kyrkjelydsblad. Ljosheim forsamlingshus vert og ført her.

Aktiviteten under tenesta «Anna kyrkjeleg verksemd», er soknerådet sine oppgåver etter *Kirkeordning for Den norske kirke § 12. Menighetsrådets oppgaver*. (gjeldande frå

1.1.2021). Ved *Konfirmantarbeid* er kommunal delfinansiering vidareført.

Inntekter er elles kyrkjeoffer, leigeinntekter, billettinntekter, gåver og bladpenger. Gåver (loddosal) i samband med Ljosheimbasaren i 2023 var kr 55 000. Minnegåve ved Hilda Haugen si både kr 5.500,-. Leigeinntekter gjeld Ljosheim. I tillegg mottek soknerådet årleg tilskot frå Kirkerådet til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til Kirkerådet via Bispedømmerådet.

Tenestene under 04400 Anna kyrkjeleg verksemd blir «nulla ut» før rekneskapsavslutning. Her har alle tenestene kvar sitt bunde fond, og då blir det anten avsetjing til fond, eller bruk av fond. Dette fordi desse tenestene vert haldne utanfor dei tenestene der kommunen har finansieringsansvar.

Bruk av bundne fond kr 164.709,51. Avsett til bundne fond kr 99.345,91. Overføring til investeringsrekneskapen kr 9.726,00

Årleg vert det teke inn offer i kyrkjene til organisasjonar, og følgjande er overført

Vi ser ein tydeleg auke i bruk av Vipps ved ofring under gudstenestene. Ved vipps blir vi trekt 1,5% i gebyr, og når vi set kontantar inn i banken må vi betale kr 75 pr innskot. Vi samlar difor opp offera og set dei samla i banken når månaden er slutt, slik at størst mogeleg sum går til offermottakarane

	<u>2020</u>	<u>2021</u>	<u>2022</u>	<u>2023</u>	<u>2024</u>
Offer til lag og organisasjonar	30 273	41 595	49 137	63 336	57411
Offer til Misjons.prosjektet	20 501	22 025	18 428	21 020	12324
Offer til Kirkens Nødhjelp	3 883	6 102	21 145	35 572	39407
Fasteaksjon Kirkens Nødhjelp	Digitalt	Digitalt	16 324	13 180	24637